

Norvagismar i nydansk¹

Gunnstein Akselberg
Universitetet i Bergen

1. Norvagismar i nydansk²

I denne artikkelen skal eg gjera ein analyse av einskilte kategoriar av norske importord i nydansk skriftspråk og i kva grad desse er i bruk i dansk i dag. Eg studerer ordtilfang som finst både i den skriftlege bokmålsnorma og i den skriftlege nynorsknorma, og legg spesiell vekt på ord som har ein særnorsk karakter. Grunnlagsmaterialet for artikkelen finst i den danske etymologen Niels Åge Nielsen sine to arbeid *Norske indslag i nydansk. I. Dansk over for norsk sprog ca. 1700–1950* (1983) og *Norske indslag i nydansk. II. Liste over låneord fra Norge ca. 1700–1950* (1984).

2. Dansk leksikalsk påverknad på norsk skriftspråk og vice versa

Det lange kulturelle, politiske, administrative og økonomiske hopehavet mellom Danmark og Noreg har sett preg på tale- og skriftspråka i dei to landa. I Noreg er vi lærde opp til å meina at den danske språkpåverknaden på norsk er heller stor, og innom nynorsk skriftspråktradisjon har elevane alt frå barneskulen vorte innprenta at ein stor del av dansk leksikalsk påverknad gjennom bokmål er uønskt og direkte feil. Såkalla *an-be-heit-else*-ord (som til dømes *anfører*, *bekjenne*, *kjærlighet* og *forelskelse*) (Nes 1978, Akselberg 1999) har

¹ Takk til Randi Benedikte Brodersen som har vore heimelskvinne for dette prosjektet ved å vurdere dei norske importorda som vert studerte i artikkelen. Brodersen har også kome med nyttige råd for utforminga av stoffet.

² I artikkelen vert termane *norvagisme*, *lånord*, *leksikalsk lån* og *importord* nytta med den same tydinga.

ført til mange raude strekar i dei skriftlege nynorskarbeida til elevane.³ Slår vi opp i allmenne norske ordbøker og i norske etymologiske ordbøker, vil vi ofte finna opplysning om at ord og uttrykk har kome til oss frå eller via Danmark. At mange av *an-be-heit-else*-orda har fått ein negativ klang i den nynorske skrifttradisjonen, er ikkje berre at dei kjem til oss frå Danmark i ein periode då norsk hadde bruk for å få ein eigen identitet, men også det at mange av dei har bakgrunn i tysk språk. For den nynorske tradisjonen har det vore viktig å etablera ei skriftnorm på heimleg grunn, mest mogleg fri for danske og tyske importord. Den puristiske tradisjonen i nynorsk har hatt eit særleg sterkt leksikalsk fokus.

At vi også har hatt norsk språkpåverknad på dansk skriftspråk og talespråk, er mindre kjent. Nielsen studerer “norske indslag”, dvs. ei nemning som er synonym med “norskheder, særnorskheder og norvagismer” (1983:3), som i praksis tyder “lån fra norsk på det tidspunkt og i den tekst, hvor de forekommer” (loc.cit.). Krava som Nielsen set til dei norske låna er at dei skal vera frå den nynorske perioden, dvs. etter reformasjonen, dei skal finnast i danske tekstar, og dei skal vera “særnorske” (loc.cit.). Nielsen studerer dansk litteratur frå yngre nydansk periode, dvs. perioden frå ca. 1700. Fremre grense set han til ca. 1950. Frå denne perioden er den danske litteraturen overveldande i omfang, difor har Nielsen måtta gjera eit utval (op.cit.:11–16). Han har valt “et bredt, repræsentativt udvalg af trykte tekster efter 1700, som kunne formodes at indeholde norvagismer” (op.cit.:14). Hovudmengda er stoff henta frå kjelder som ikkje er med i *Ordbog over det danske Sprog* (ODS) (op.cit.:2).

3. Nielsen sine norvagismar

I lista over lånord (Nielsen 1984:17-104) er dei aller fleste orda substantiv. På andre- og tredje-plassen kjem verb og adjektiv, med mange færre registreringar. For adverb, preposisjonar, talord og interjeksjonar finst det berre få eksempel. Grovt rekna er lånordmengda slik⁴:

³ *An-be-heit-else*-orda er mykje nytta i norske dialektar, og grunnleggjaren av den skriftlege nynorsktadisjon, Ivar Aasen, nytta fleire av desse orda i ordboka si frå 1850 (Aasen 1850). I ordboka frå 1873 (Aasen 1873) var desse orda tekne ut. Sjå Nes 1984, Akselberg 1999.

⁴ Eg nyttar omtrentlege kvantifiseringar (ca.) av di det er råd å telja saman orda på forskjellige

Norvagismer i nydansk

Substantiv	ca. 3100
Verb	ca. 200
Adjektiv	ca. 120
Adverb	ca. 16
Preposisjonar	ca. 3
Talord	3
Interjeksjonar	1

Nielsen har gjort eit utval av danske kjelder for å illustrera norske innslag i yngre nydansk. Eg har her i artikkelen gjort eit utval frå lånordlista til Nielsen. Utvalet mitt er om lag 10 % av den samla ordmengda til Nielsen. Kriteriet mitt for utveljing av ord frå lista til Nielsen er subjektivt; dei skal – for meg – vera meir typisk norske enn dei fleste andre orda i lista. Utvalet er såleis ikkje tilfeldig, med dei avgrensingar det set for representativitet og generalisering av resultatet. Eg har gått gjennom ordlista til Nielsen og plukka ut dei orda som vert presenterte her, til saman 320 ord. Nielsen har sett opp orda i alfabetisk rekkjefylgje. Den ordmengda eg har plukka ut, har eg sortert etter tyding og denotasjon i sju ordklassar. Av di substantivklassa er den dominerande, har eg delt denne inn i underkategoriar for å få eit oversyn over den semantiske og denotative karakteren til lånordmaterialet.

Orda som eg har plukka ut til denne studien, har eg testa i kva grad dei er kjende for danske brukarar i dag på to måtar:

1) Randi Brodersen har intuitivt vurdert orda ut frå om dei er kjende og brukte (aktiv leksikalsk kunnskap), kjende og ikkje brukte (passiv leksikalsk kunnskap), eller om dei er ukjende for danskar i dag. Ord som Brodersen vurderer som brukte, er merkte med +. Ord som Brodersen vurderer som kjende for danske språkbrukarar, men ikkje brukte av dei, er merkte med (+). Ord som Brodersen vurderer som ukjende for danskar i dag, er ikkje merkte. Brodersen nyttar sin eigen kompetanse som dansk språkbrukar og si allmenne innsikt om dansk språkbruk i dag.

2) Eg har dessutan kontrollert om orda er registrerte i KorpusDK. Ord som finst i KorpusDK er merkte med #. For slike ord er det også

måtar. Til dømes kan eit ord i lista til Nielsen verta kategorisert til to ordklassar, t.d. "hæsje s." og "hæsje vb.". *Opfor* og *opover* blir begge av Nielsen kategoriserte som "præp., adv.". Eg vel då å kvantifisera slike ord som éi registrering.

opplyst om kor mange belegg ordet har i KorpusDK. Talet på belegg i KorpusDK står bak registreringa mi, t.d. #27. KorpusDK representerer dansk skriftspråk i bruk i perioden ca. 1990–2000 på grunnlag av registrering av skriftspråkbruk i eit breitt spekter av skriftlege danske tekstar. KorpusDK høver såleis svært godt som testreferanse for denne granskinga.

Det er berre oppslagsformer som er sette opp i oversynet, men alle substantivformer og verbtider er registrerte.

3.1 Substantiv:

• **Abstrakt:**

bolc, bragd(+), bygderykte, bygdeskik+, bygdesladder+, emne+#6953, mistag, mål(+), odel, odelsting#1, præstegæld+#2, snev+, tålmod#30, tøjs+, ugreje, ymt#1, vigsel

• **Plantar:**

blåvejs (+), brasengræs, bringebær(+), briskebær ('enebær'), bugræs(+), einstape, enerbusk(+), gøgesyre(+), hvidvejs(+), kongle, krækling(+), kveke, multe+, næpe, osp, renlav

• **Dyr/fiskar:**

bikje, binne, bjørneskinke(+)#1, botnsild, brillfugl, bringe ('elg-okse'), brisling(+)#27, brosme(+)#11, brugde#3, bufe, bufærdsdag, buhund, buskab, bustedyvel ('pindsvin'), byrkelange, bækefugl, bøling, dølehest, ekorn+, enghumle+, erle, fossekal, gamp, gaupe(+), klæg, knot, mark ('maddike'), mehenk, myrsneppe+, måse, narhval+#30, natterangel, nise, orre, pale, purke, renbuk, røskat, skjor, tordivel, skrej, smelte+#(uklar), varg

• **Mat og måltid:**

barkebrød, blødkage, brim, brus, dravle, fadost, graut, hermetik, klipfisk+#39, kødkage, ludfisk, myse+, mølje, niste, prim, pultost, ragefisk, rømme(+), rømmekolle, rype+#39, slo, tørfisk+#11, eftasverd

• **Natur, vêr og føre:**

aur, bergfod+, berghammer(+), bergryg+#12, bjergelv#1, bjerg-

Norvagismer i nydansk

fos(+), bjergur, brimhest, bræ+#50, bræelv+, bræis+, brækant+, brække, brævand+, bråne, bundis, dalføre, dalstrøg#12, drev, elvemel, elveos, elveskrænt+, evje, højjfeld+#16, jøkel#3, kjern/tjern, knaus, myr, nedbør+#225, regnskur+, røs, småskarv, sne-flog, snekam#1, sneskavl, skærgård+#61, skare, skiføre+#7, stenrøs, vasdrag

• Naturprodukt:

briskelåg, briskevand

• Bygd og by:

grænd

• Personar:

benrangel, døl, fant#1, fantefolk, fantekjærring, felespiller(+), fingut, gadegut+, garp, gjæterjente, gut+#323, halling, kakse, kramkar, kærring, kårfolk(+), lagmand+, messegut(+), målgransker(+), opsidder, raring, rækel, skrønemager, skydskarl, storfolk(+), tomsing, stril, unggut(+)

• Språk:

blandingsmål, bokmål+#2, bygdemål+, bymål+, landsmål+#2, orde-lag, ordskifte+#6, rigsmål+#7, skrøne+#133, taleflom+

• Helse, kropp og sjukdom:

farang, helsebod+#1, juling, ørske

• Klede:

ragsok#6

• Veg- og kommunikasjon:

benvej, bygdevej+, bådfærd+#1, rørgade

• Eignedom, jord og innhegning:

beite, bygsel, bygselgård, bygård(+), bø, bømark, ækre, hjemstøl, jordflæk, kve, støl(+), sæter+#18, teig

• **Hus og heim:**

bondeheim, fjøs, husvære, hybel+#30, laft, nov, nøst(+), stabbur, vårstøl, støpul

• **Materiale:**

bordstabel, savflis

• **Form og fasong:**

botn, staup

• **Reiskap/middel/arbeid:**

greje s./vb. + #49, hejs#6, korketrækker, kornstør, kværnkald, not, orv, pulk+#13, truge, sparkstøtting#7, ski+#583, tollekniv#1, staur, snadde+#6, skydspenge, træl

• **Musikk, dans og kunst:**

hardangerfele(+)#2, nystev, rosemaling, sølje, stev#1, åklæde

• **Tid og periode:**

høonn, jonsoknat, kvældsbil, nonsbel, olsok

3.2 Verb:

bjergtage+#40, efterglemme, friskne, gjæte, hikste+#23, huske s./vb., hæsje s./vb., høve, klore, kna, kose sig, krangle, ljome, mægre, rable#103, rape ('skride ned'), raute, rundjule, skydse, tærg, spøte, skofte, vyrde, vigsle

3.3 Adjektiv:

fåmælt+#126, hændig, koselig(#1), morsk, rovs ('raus'), skråsikker+#130, snøg, snål, vejrbidt+#41, snild+#16

3.4 Adverb:

efterpå#2, højstsommers, indenskærs#4, ifra#1, ind+#(uklart), inden-gærdes, indensunds, nordefter(+), nordover+#30, opefter+#266, sydover+#66, søndenfjelds+, tværtom#42, tværtover

3.5 Preposisjonar:

opfor, *opover*+*#10/op over*+*#(uklart)*, *udfor*+*#5/ud for*+*#(uklart)*

3.6 Talord:

femti+*#109*, *firti*+, *syvti*+*#7*

3.7 Interjeksjon:

huttetu

4. Bruk- og kjennskap

Det som slår meg når eg studerer testresultatet, er at forbausande mange, ja, dei aller fleste av desse norske importorda i dansk er både ute av bruk og ukjende for danske språkbrukarar i dag. Dessutan er nokre hyppige. Det er også interessant at det er eit nært samanfall mellom Brodersen si vurdering av kva for ord som er i bruk og registreringa i KorpusDK. KorpusDK registrerer berre språket i bruk, ikkje kjennskap til språk, medan Brodersen også har med kva for ord som det finst kjennskap til.

Vi ser dessutan at fleire av orda som er registrerte som bruksord i KorpusDK, har svært få belegg, og dei vil såleis vanlegvis ikkje bli rekna å høyra til det danske allmennspråket. Substantiva *bjergelv*, *fant*, *snekant*, *helsebod* og *ymt* er berre registrerte 1 gong. *Hardangerfele*, *præstegæld* og *bokmål* er berre registrerte 2 gonger. Den reelle bruken er såleis endå mindre enn det registreringa i KorpusDK gjev uttrykk for.

På den andre sida er det einskilde lånord som er høgfrekvente, som t.d. *emne* (6953 belegg), *ski* (583), *gut* (348), *nedbør* (225) og *fåmælt* (130).


I KorpusDK er 66 av dei 320 importorda i denne artikkelen registrerte, dvs. 20,6 %. Heile 79,4 % av orda som Nielsen har registrert, vert altså ifylgje KorpusDK ikkje nytta i dansk skriftspråk i dag. I Brodersen si vurdering er 58 ord vurderte som brukte, dvs. 18,1 %, og 25 ord som kjende, dvs. 7,8 %. Ifylgje Brodersen er altså 81,9 % ikkje brukte i dansk skriftspråk i dag. Vurderingane til Brodersen og KorpusDK har såleis eit nært samanfall, sjølv om det er ein mindre diskrepans på einskildordnivå. Til saman utgjer Brodersen sine samla vurderingar (bruk og kjennskap) 84 ord, dvs. 26,3 %. Det tyder at

ifylgje Brodersen si vurdering er det 73,7 % av dei 320 orda som verken er brukte eller kjende.

5. Spreiing og aksept

Nyord i språket, såkalla leksikalske innovasjonar eller neologismar, får vi heile tida. Mange av desse, ofte dei fleste, er importord frå eit anna språk og dei er nært knytte til nye reiskapar, ny teknologi, nye bruksformer, nye organisasjonsformer eller mentale, ideologiske og filosofiske endringar og nyskapingar. På denne måten vert dei mentale leksikona våre stendig utvida, og det utviklar seg felles leksikon for visse sosiale grupper, yrkesgrupper, geografiske område (lokalsamfunn, regionar, nasjonar), eller det utviklar seg felles internasjonale og globale leksikon.

Leksikalske nyskapingar eller importord spreier seg på same måten som andre språklege innovasjonar. For dei aller fleste språklege nyovringane skjer dette ved at innovasjonane startar hjå eit eller nokre få einskildindivid, og så spreier dei seg ved at dei vert aksepterte av fleire og fleire medlemer i eit språksamfunn. Til slutt kan ein stor del av medlemene i språksamfunnet både ha kunnskap om og i tillegg nytta nyovringane i praktisk språkbruk. I avgrensa språksamfunn spreier innovasjonane seg som oftast etter ei s-kurve. Kurva illustrerer at spreininga går sakte i byrjinga, så skyt ho fart, og til sist går spreininga nokså sakte igjen før den er meir eller mindre gjennomført i språksamfunnet. Sjå den grafiske illustrasjonen.



S-kurve. P_1 representerer den personen som introduserer ein språkleg innovasjon, ein innovatør, og P_2 representerer ein av dei siste i språksamfunnet som internaliserer innovasjonen. Den loddrette aksa representerer grad av spreiding (gjennomføring) av ein språkleg innovasjon i eit språksamfunn. (Frå Sandøy 2008:209 etter Chambers & Trudgill 1980:179)

Når det gjeld dei norvagismane – eller norske importorda – som Nielsen har studert, må det tyda at dei aller fleste orda som eg har plukka ut i denne studien, berre har gjennomgått delar av s-kurveprosessen. Berre nokre få har gjennomgått heile denne prosessen, og såleis gått inn som ein aktiv del i det danske skriftspråket, som t.d. *emne*, *gut* og *nedbør*. I motsetnad har store delar av dei danske importorda i norsk, danismane, som t.d. *an-be-heit-else*-orda, gjennomgått heile s-kurveprosessen.

Grunnane til denne skilnaden mellom aksepten av norvagismar i dansk skriftspråk og aksepten av danismar i norsk skriftspråk, kan vera mange, men to årsaker er truleg viktigare enn andre.

Den eine årsaka er importorda sin *funksjon* i mottakarspråket. Ord knytte til nye arbeidsformer, ny teknologi, nye reiskapar og osb. vil ofte lett bli tekne opp i mottakarspråket av di dei er praktisk nyttige og synest naudsynne.

Den andre årsaka har med *makttilhøve* å gjera. Ord frå ei teknologisk, kulturell, økonomisk og politisk “overmakt” vil lettare bli tekne opp i eit mottakarspråk som representerer ein nasjon som er “underlegen”.

For norske språktilhøve har vi eit godt døme på begge desse årsakene representerte ved dei mange lågtyske lånorda i norsk tale- og skriftspråk. Det lågtyske språket vart nytta av dei mektige hanseatane som stod sterkt mange stader i Noreg særleg frå midt på 1200-talet til ut på 1600-talet, ikkje minst i Bergen. Og dei lågtyske orda som er lånte inn i det norske språket er nettopp nemningar på nyttige objekt og mentale førestellingar. Døme på slike lågtyske importord i det norske språket, og som i dag av nordmenn vert rekna som erkenorske, er t.d. desse:

angst m. (mlt. *angest*), *anxt*, *arbeid* n. (mlt. *arbe(i)t*), *bukse* f. (mlt. *buxe*), *frykt* f. (mlt. *vruchte*), *gaffel* m. (mlt. *gaffele*), *prata* vb. (mlt. *praten*), *prenta* vb. (mlt. *prenten*), *reiskap* m. (mlt. *redtschap*), *slak-*

tar m. (mlt. *slachter*), *spikar* m. (mlt. *spiker*), *språk* n. (mlt. *sprake*), *tallerken* m. (mlt. *tallorken*), *tanke* m. (mlt. *danke*), *taske* f. (mlt. *tasche*)⁵

Ser vi på prosessen med opptak av engelske importord i norsk og i andre språk i dag, minner dei om prosessen med opptak av dei lågtyske orda i norsk: Det står overlegne teknologiske, kulturelle, økonomiske og politiske språksamfunn bak, og dei leksikalske låna vert vurderte å vera nyttige, praktiske og viktige. Slik må tilhøvet mellom Danmark og Noreg også ha vore frå seinmellomalderen og fram til nyare tid, t.d. i store delar av den perioden Nielsen studerer, altså den yngre nydanske perioden. Danmark var “overmakta” og Noreg den “underlegne”. Motsett har dei norske importorda i dansk ofte vore representerte ved nemningar som er knytte til særnorsk natur og særnorske kulturelle tilhøve, som ein ikkje treng i det danske kvardags- og allmennspråket, og som danskane berre har hatt trong for i særtilfelle som er knytte spesifikt til Noreg (som t.d. eldre administrasjon, næringsliv, ferie, fritid og familie).

6. Konklusjon

Denne studien har vist, med dei restriksjonane på representativitet og generalisering som utveljingsmetoden min set, at norvagsmane som Nielsen publiserte i 1983 og 1984, eit stort arbeid som han begynte på i 1946 (Nielsen 1983 [I]:6), er svært lite brukte og kjende mellom danske språkbrukarar i dag. Rundt 80 % av materialet i det utvalet eg har gjort i denne artikkelen, er ikkje i bruk. Det gjeld både resultatet av kontrollen som er gjort mot KorpusDK (79,4 %) og resultatet av den intuitive vurderinga til Brodersen (81,9 %), to registreringar som er gjorde uavhengig av kvarandre. I tillegg er det ifylgje Brodersen berre 8,1 % som er kjende for danske språkbrukarar, og samla 73,7 % som verken er brukte eller kjende. På grunn av at fleire av orda har svært

⁵ Ein setning som den nedanfor er eit godt døme på korleis norsk skriftspråk som vert vurdert som erkenorsk, er sett saman av i all hovudsak mellomlågtske ord. Berre to-tre ord i setninga er norske (den stipla lina):

“Skredderen tenkte at trøya passet fortreffelig, men kunden klaget og mente at plagget var kort og tøyet simpelt og grovt!” (Hødnebo 1971:41).

..... at, og at var

låg frekvens i KorpusDK, til dømes *helsebod* og *præstegæld*, som har respektive 1 og 2 belegg, er det endå fleire av desse norvagismane som ikkje høyrer til det danske allmennspråket. På den andre sida er det få som er høgfrekvente som t.d. *emne* med 6953 og *gut* med 583 belegg.

I neste omgang vil eg ta føre meg heile lista til Nielsen, for å kunne generalisera om norvagismetilhøva i dansk skriftspråk på grunnlag av det store registreringsarbeidet han har gjort. Då vil eg også trekkja inn fleire danske språkbrukarar som referansegruppe for å finna ut meir om kjennskap og bruk til orda i dag – i tillegg til KorpusDK.

Korleis importen av norvagismar i nydansk skriftspråk har vore etter 1950, som er den fremre grensa for Nielsen sine registreringar, og fram til i dag, veit vi lite og inkje om. Vi veit også lite om danske importord, danismar, i norsk språk i denne perioden. Kunnskap om slike tilhøve kan fortelja mykje om relasjonane mellom Danmark og Noreg, om kommunikasjonen mellom dei, om praktiske tilhøve og om identitetar. Her ligg viktige framtidige forskingsoppgåver.

Litteratur

- Akselberg, Gunnstein (1999) Anbeheitlese – fleire dansk-tyske importord i nynorsk?. 7. *Møde om Udforskningen av Dansk Sprog*. Peter Widell og Mette Kunøe (red.). Århus: Aarhus Universitet:25-35.
- Chambers, Jack K. og Peter Trudgill (1980) *Dialectology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hødnebø, Finn (1971) Nedertyske (platt-tyske) lånord i norsk. *En bok om ord*. Gundersen, Dag m.fl. (red.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Nes, Oddvar (1984) *Om nokre affiks i nynorsk – mest om -heit*. 2. utg. Bergen: Nordisk institutt.
- Nielsen, Niels Åge (1983) *Norske indslag i nydansk. I. Dansk over for norsk sprog ca. 1700-1950*. Århus: Aarhus Universitet.
- (1984) *Norske indslag i nydansk. II. Liste over lånord fra Norge ca. 1700-1950*. Århus: Aarhus Universitet.
- Ordbog over det danske Sprog* (1918-1956) Udgivet af det Danske Sprog- og Litteraturselskab. København: Gyldendal.

Gunnstein Akselberg

Sandøy, Helge (2008) Språkendring. *Språkmøte*. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy (red.). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag:195-219.

Aasen, Ivar (1850) *Ordbog over det norske Folkesprog*. Kristiania: Werner.
(1873) *Norsk Ordbog. Anden forøgede Ugave af Ordbog over det norske Folkesprog*. Christiania: Mallings.

Nettadressa til KorpusDK:
http://ordnet.dk/korpusdk_en